UNIVERSITETET I BERGEN
*Institutt for fremmedspråk (IF)*

# Saksliste programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

**Dato:** 7. desember 2022
**Sted:** digitalt via Zoom
**Tidspunkt:** kl. 15:00

**Saksliste**

**12/22** **Godkjenning av innkalling og saksliste**

**13/22** **Godkjenning av møtereferat fra programstyremøtet den 1. juni**

**14/22** **Til orientering:**

1. Velkommen til studentrepresentantene Herman Halvorsen og Elise marie Strand Hagen.
2. Åpen dag 2023 den 13. mars
3. Dagsseminar den 25. desember med fagmiljø og studenter (vedlegg)

   På seminaret ble det planlagt å arrangere en heldagskonferanse for masterstudenter. Her kan studentene presentere tema for oppgaven. Det vil være en obligatorisk undervisningsaktivitet for studenter på SPLA315 og SPANDI301. Masterstudenter som har levert inn masteroppgaven den 15. mai vil også bli invitert. De kan formidle funn fra egen forskning og samtidig trene på presentasjon av oppgaven som et nyttig forarbeid til muntlig forsvar. Faget håper også en heldagskonferanse vil kunne styrke opp en fagsosial identitet på kullet før hver enkelt går i gang med arbeidet på masteroppgaven.

**15/22** **Møtedatoer våren 2023**

Programstyret bør møtes to ganger våren 2023. For at programstyret skal få tid til å foreta egenevaluering av undervisningsåret 2022 og sende inn rapporter til gjeldende frister må første møte legges tidlig i semesteret.

Forslag:

Onsdag den 8. februar
Onsdag den 24. mai

**16/22** **Kriteriene bak fordeling av veiledere**

**A)** Masterstudentene (program/lektor) skal i SPLA314 sende inn ønske om valg av fagdisiplin for arbeidet med masteroppgaven og blir da bedt om å

sende inn et første og andre valg. Ressurssituasjonen på faget gjør at ikke alle kan velge å skrive innenfor samme fagfelt. Hvilke kriterier skal man legge til grunn når flere ønsker å skrive innenfor en disiplin der det ikke finnes tilstrekkelig med veiledningsressurser?

**B)** På dagseminar kom det forslag til avgrensinger i valgmulighetene for masterstudenter sett opp imot programtilhørighet.

Forslag:

Programstudenter kan kun velge mellom å skrive innenfor en av følgende disipliner: språk, litteratur og historie. Lektorstudentene kan derimot velge mellom språk, litteratur, historie og fagdidaktikk.

**17/22 Bestilling av rapport fra ekstern fagfelle**

Hans Jacob Ohldieck brukte forrige rapport på å evaluere masterprogrammet og har fra før evaluert 100-nivået på bachelor. I 2023 har HF-fakultetet bedt faget sende inn 5-årige programevalueringer for BAHF-SPLA og MAHF-SPLA. Det vil være en stor fordel å kunne legge ved å henvise til rapporter fra ekstern fagfelle i det arbeidet.

Forslag til vedtak for rapport nr. 3:

Evaluere 200-nivået på BAHF-SPLA .

**18/22 Anbefalte forkunnskaper og bruk av CEFR-skala**

Med Kunnskapsløftet har det skjedd endringer i undervisningen av spansk på ungdomsskole og videregående skole og det har kommet nye læreplaner i fremmedspråk (spansk) enten som fellesfag (FSP01-02) eller som programfag (PSP01-02).

Forslag om å oppdatere «Tilrådde forkunnskaper» i emnebeskrivelser og studieplan:

«Spansk nivå II fra videregående skole eller nivå tilsvarende A2 (CEFR-skala)».

**19/22 Forslag til endringer i emnebeskrivelser**

Her kommer flere forslag til vedtak og ved godkjenning vil de tre i kraft fra og med høsten 2023.

*Fagdidaktiske emner*

Xavier Llovet Vill (fagdidaktiker) har foreslått følgende endringer:

**DIDASPA1 (vedlegg)**

Øke obligatorisk oppmøte fra 75 til 80 %, samt åpne opp for bruk av «muntlig arbeid» i drøfting av ei spanskdidaktisk problemstilling.

**SPANDI101 (vedlegg)**

Innføre 80 % obligatorisk oppmøte. Foreta små språklige endringer i teksten til «Vurderingsformer» for å gjøre den mer klar og tydelig.

**SPANDI111 (vedlegg)**

Endring av vurderingsform fra mappevurdering til muntlig eksamen. Innføre obligatorisk oppmøte på 80 %.

*Disiplinemner*

**SPLA311 (vedlegg)**

Forslag ble sendt inn av Åse Johnsen, Roxana Sobrino og Miguel Angel Quesada Pacheco.

Forslag til ny tittel: *Trender i moderne spansk lingvistikk: teori og metode* (eng. *Developments in modern Spanish linguistics. Theory and method*).

Forslag om å utvide variasjonen av antall emnekomponenter med: «pragmatikk, tekstlingvistikk, diskursanalyse og oversettelse.»

**SPLA312**

Forslag til ny tittel ble sendt inn av Kari Soriano Salkjelsvik per e-post:

*Latinamerikansk litteratur: Tilnærminger og metoder*

**SPLA313**

Forslag til ny tittel ble presentert på dagsseminaret den 25. november:

*Stemmer i latinamerikansk historie*

**SPLA117/637 og SPLA207/257 (vedlegg)**

Forslag ble sendt inn av Åse Johnsen, Claudia Mihaela Lambu Kvamme, Roxana Sobrino og Miguel Angel Quesada Pacheco:

Fjerne fonetikk fra SPLA117 og SPLA637 og legge den til fordypningsemnet SPLA207/257.

**20/22** **Eventuelt**

05.12.2022/RGB

## Robert Graff Bakkevold

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Synnøve Ones Rosales |
| **Sendt:** | fredag 25. november 2022 14:41 |
| **Til:** | Åse Johnsen; Roxana Sobrino Triana; Ernesto Seman; Xavier Llovet Vila; Robert Graff Bakkevold; Arvid Halleland; Hanne Tangstad |
| **Kopi:** | Kari Soriano Salkjelsvik; Miguel Angel Quesada Pacheco |
| **Emne:** | Oppsummering dagsseminar SPLA 25.11.2022 |
| | |
| **Oppfølgingsflagg:** | Follow up |
| **Status for flagg:** | Flagget |

Hei,
Takk for deltaking til dykk som kom i dag, og særleg til Hanne og Arvid! Her kjem ei lita oppsummering av det me snakka om:

Me gjekk gjennom studieprogrammet vårt slik det er i dag, kikka på modellar frå andre fag på IF samt frå UiO og UiT, og kommenterte nordisk og historie sine modellar som vart presenterte på studiekvalitetsseminaret ved HF sist onsdag.
Dei fleste av MA-programma i språk, både ved UiB, UiO og UiT inkluderer berre disiplinane språk og litteratur. Me er unike ved at me også har historie. Didaktikk er ikkje inne som eigen disiplin i nokon av dei ordinære MA programma me såg på.

1. semester MA:
Me var einige om at me ynskjer at studentane ved SPLA framleis skal ha eit breidt grunnlag t.o.m. første semester på masterstudiet. Det er kanskje ekstra viktig at dei har historie, sidan dei fleste av dei studentane som ikkje har bakgrunnen sin frå UiB, ikkje har hatt historie i det heile tatt.
Eit forslag der ein opprettar eit emne i fagdidaktikk parallelt med SPLA311/312/313 og der studentane ville kunna velja 3 av 4 emne i sitt første semester på MA, vart forkasta. Xavi har ikkje nok timar til å kunna tilby dette.
Me landa difor på at 1. semester MA vert som i dag, men må løysa logistikkutfordringar med tanke på Hans Jakob si evaluering (for komprimerte/hektiske emne) og lektorstudentane sin praksis.
Namna på emna kan gjerast meir spanande og kan eventuelt endrast i denne revisjonsrunden.
Sidan historie var den einaste disiplinen som var fullt representert, er me også dei einaste som har nytt forslag til namn: "SPLA313, Stemmer i latinamerikansk historie". Innhaldet i emnet (og emneomtalen) vert uendra.

2. semester MA
SPLA314 og SPLA315 ser ut til å fungera bra (jf. programsensorrapport), men me må verta tydelegare i kommunikasjon av krav, kriterium og retningslinjer for obligatorisk aktivitet og eksamen.
Nytt frå våren vert at me har to grupper studentar: MA-studentar som skal ta SPLA314+SPLA315 og lektorstudentar som skal ta SPLA314+SPANDI301.

SPLA314 går som før, med deltaking frå alle disponible fagpersonar. Me ser ikkje behov for å endra noko i emneomtalen der, men emneansvarleg må passa på å vera tydeleg i kommunikasjonen.
Som før, vil studentane måtta velja disiplin og rettleiar i januar i 2. semester, og som før setja opp ei liste med fleire ynske i prioritert rekkjefølgje. Av ressursgrunnar, vil ikkje alle lektorstudentane kunna skriva MA-oppgåve innan didaktikk. Me tenkjer difor at lektorstudentar kan velja å skriva i 4 ulike disiplinar (språk/litteratur/didaktikk/historie) medan MA-studentar berre kan velja mellom tre (språk/litteratur/historie). Me må koma fram til kriterium for kven som får førstevalet sitt. Dersom 7 studentar vil skriva i didaktikk eller litteratur og berre tre kan gjera det, korleis bestemmer me kva for nokre tre? "Jobbintervju" der ein spør om motivasjonen for å skriva nettopp i den disiplinen ein har på første plass? Karakter i eit bestemt emne? Loddtrekning? Me kan koma i denne situasjonen allereie i januar, og bør definera kriterium snarast.

På SPLA315 ser me heller ikkje behov for å endra emneomtalen, men tenkjer at planen for emnet som vert kommunisert ut til studentane i oppstarten, må vera tydeleg.

Forslag om å leggja opp emnet som følgjer:

Oppstartsseminar med emneansvarleg i mars

Studentstyrte seminar kvar eller annankvar veke til veke 17-18 (?).

Veke 17-18: Fellesseminar med studentar på SPLA315, SPANDI301 og faglærarar til stades.

Studentstyrte seminar fram til slutten av mai (veke 21?).

Mars-mai vil ein også ha 3 individuelle rettleiingstimar.

Ca. i veke 21 vil me ha ein heildags-minikonferanse der alle studentane frå SPLA315 og SPANDI301 får presentera sine tekstar. Me vil også invitera dei studentane som akkurat har levert sine MA-oppgåver. Dei kan laga ein liten presentasjon som førebuing til munnleg eksamen. Minikonferansen bør også ha ein sosial del og kan vera eit tiltak for å betra det studentane peikar på i programsensorrapporten med manglande sosiale aktivitetar. Dette er sjølvsagt noko studentane sjølve i hovudsak må ta tak i, men kanskje vert det lettare om me har arrangert ein slik møteplass for dei først.

Me må også gjera det tydeleg for studentane i kva grad arbeidet dei legg ned på SPLA315 kan brukast vidare inn i MA-oppgåva (jf. programsensorrapport). Dette bør me finna kriterium for i fellesskap, slik at alle rettleiarar svarar det same.

I sum er det altså per no ikkje snakk om å endra emneomtalar (unnateke kanskje nokre namn) og heller ikkje struktur på programmet, men me må jobba med å løysa ein del logistiske utfordringar. Studentane som var til stades, var nøgde med innhaldet i emna dei har tatt, men peikte på at nettopp logistikken til tider har vore problematisk. Heildagskonferansen trur me kan vera positivt på mange måtar, men kan gå inn som 5-6 av dei timane med fellesseminar som står i emneomtalen på SPLA315 og dekka inn den munnlege presentasjonen som står som obligatorisk arbeidskrav. Me må ta ein ny runde neste haust, når me veit kva som er bestemt i høve ny modell for lektorprogrammet.

Me diskuterte til slutt mogelegheita for å oppmuntra fleire av våre uteksaminerte MA-studentar til å publisera artiklar basert på MA-oppgåvene sine. Robert vil ta vidare til UUI eit framlegg om å oppretta noko á la dette emnet på IF: https://www.uib.no/emne/AHKR391

Send gjerne merknader om de ser ting som er feil eller manglar.

God helg frå Synnøve

Synnøve Ones Rosales
Førsteamanuensis/Associate professor
Institutt for framandspråk/Department of Foreign Languages
Universitetet i Bergen
Tlf: +47 55 58 21 27 / +47 90 14 10 80
uib.no

# Endringsrapport for emne SPANDI101

| | |
|---|---|
| Stadiuminfo: | Klar for kvalitetssikring (S1) |
| Sist endret: | 30.11.2022 Xavier Llovet Vila (xll002) |
| Opprettet i EpN: | Nei |

| | Gammel verdi (S0, Importert fra FS) | Ny verdi (S1, Utkast) |
|---|---|---|

## Generelt

| | | |
|---|---|---|
| **Emnekodeforslag** | SPANDI101 | SPANDI101 |
| **Tilknyttede campuser** | UIB | UIB |
| **Studieansvarlig sted** | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk |
| **Vekting** | 5.0 | 5.0 |
| **Vektingstype** | Studiepoeng | Studiepoeng |
| **Navn - bokmål** | Fagdidaktikk i spansk i lektorutdanningen 1 | Fagdidaktikk i spansk i lektorutdanningen 1 |
| **Navn - nynorsk** | Fagdidaktikk i spansk i lektorutdanninga 1 | Fagdidaktikk i spansk i lektorutdanninga 1 |
| **Navn - engelsk** | Spanish Didactics in Teacher Education 1 | Spanish Didactics in Teacher Education 1 |
| **Første undervisningstermin** | 2007 HØST (ugyldig) | 2007 HØST (ugyldig) |
| **Siste undervisningstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Første eksamenstermin** | 2007 HØST (ugyldig) | 2007 HØST (ugyldig) |
| **Siste eksamenstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Språk** | Ikke valgt | Ikke valgt |

## Vurdering

| | | |
|---|---|---|
| **Endringsønsker for vurderinger** | - | - |

## Undervisning

| | | |
|---|---|---|
| ! **Administrativt ansvarlig** | Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - ) | - |
| ! **Emneansvarlig** | Xavier Llovet Vila (01.01.2021 - ) | - |

## Emneinfo

**Studiepoeng, omfang:**

*Nynorsk:*

-

**Studienivå (studiesyklus):**

*Nynorsk:*

Bachelor

**Undervisningsspråk:**

*Nynorsk:*

Spansk og norsk

**Undervisningssemester:**

*Nynorsk:*

Haust. Femte semester for studentar som tek spansk som fag II.

**Undervisningssted:**

*Nynorsk:*

Bergen

**Mål og innhold:**

*Nynorsk:*

Emnet har som målsetjing å gje studentane ei grunnleggjande innføring i fagfeltet spanskdidaktikk innan desse tre hovudområda:

- Spanskfaget si legitimering og særpreg
- Språklæring
- Språk og kommunikasjon

**Læringsutbytte:**

*Nynorsk:*

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheter og generell kompetanse:

Kunnskap:

Studenten

•har innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget

•har kunnskap om spanskfaget si utvikling som skolefag

•har kjennskap til sentrale språklæringsteoriar og tilnærmingar

Ferdigheiter:

Studenten

•kan analysere styringsdokument for skolefaget

•kan reflektere over og drøfte skolepraksis i lys av relevant fagdidaktisk teori

•kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet.

Generell kompetanse:

Studenten

•kan reflektere over eiga læring

•kan reflektere over og drøfte problemstillingar knytte til spansk som skolefag

kan gjere greie for og reflektere over elevar si læring

**Krav til forkunnskaper:**

*Nynorsk:*

For studentar som tek spansk som fag I: PEDA 120 og KOPRA101

For studentar som tek spansk som fag II: KOPRA102

Minimum 15 studiepoeng i spansk.

**Anbefalte forkunnskaper:**

*Nynorsk:*

30 studiepoeng i spanskfaglege emne.

**Studiepoengsreduksjon:**

*Nynorsk:*

På grunn av fagleg overlapp blir studiepoenguttellinga for SPANDI101 redusert med 5 studiepoeng om det blir kombinert med SPANSK621 eller SPANSK622.

**Krav til studierett:**

*Nynorsk:*

Opptak til lektorutdanning ved Det humanistiske fakultet, UiB.

**Arbeids- og undervisningsformer:**

*Nynorsk:*

12 timar førelesingar.
Seminar: 2 (4) timar (i samsvar med talet på studentar).
Seminar: 2 dagar for- og etterarbeid knytt til emnet KOPRA102 for studentar som tek spansk som fag I, og 2 dagar for- og etterarbeid knytt til praksisemnet KOPRA103 for studentar som tek spansk som fag II.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet:**
*Nynorsk:*
For å få gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig munnleg (om lag 20 10 minutt) eller skriftleg arbeid (om lag 1000 ord) der dei analyserer eit språkfagleg spørsmål i lys av fagdidaktisk teori. Arbeidet skal gjerast på spansk.
I tillegg må studentane ha gjennomført skolebesøk (om lag 3 dagar) med for- og etterarbeid. Skolebesøket er knytt til fagdidaktikk og pedagogikk.
Sjølv om førelesningar ikkje er obligatoriske, reknar ein med Undervisninga er obligatorisk (80%), og det er venta at studentane er godt førebudde til stades og aktivt deltakande i undervisninga, og organiseringa av undervisninga har dette som utgangspunkt.

**Vurderingsformer:**
*Nynorsk:*
Eksamensforma er ein heimeeksamen i 3 dagar med oppgjeve emne, ca. 2500 ord. Halvparten av heimeeksamen Heimeeksamen skal skrivast på norsk, spansk eller halvparten på spansk og den andre på spansknorsk. Nærare informasjon blir gitt i studiet.

**Hjelpemiddel til eksamen:**
*Nynorsk:*
-

**Karakterskala:**
*Nynorsk:*
Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

**Vurderingssemester:**
*Nynorsk:*

Haust. Det er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

**Litteraturliste:**
*Nynorsk:*
Pensum utgjer om lag 275 sider av normal vanskegrad. Institutt for framandspråk gjev framlegg om spesifisert pensumliste i emnet.

**Emneevaluering:**
*Nynorsk:*
Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

**Emneansvarlig:**
*Nynorsk:*
-

# Endringsrapport for emne SPANDI111

| | |
|---|---|
| Stadiuminfo: | Utkast (S1) |
| Sist endret: | 30.11.2022<br>Xavier Llovet Vila<br>(xll002) |
| Opprettet i EpN: | Nei |

| | Gammel verdi (S0, Importert fra FS) | Ny verdi (S1, Utkast) |
|---|---|---|

## Generelt

| | | |
|---|---|---|
| **Emnekodeforslag** | SPANDI111 | SPANDI111 |
| **Tilknyttede campuser** | UIB | UIB |
| **Studieansvarlig sted** | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk |
| **Vekting** | 5.0 | 5.0 |
| **Vektingstype** | Studiepoeng | Studiepoeng |
| **Navn - bokmål** | Fagdidaktikk i spansk for lektorutdanningen 3 | Fagdidaktikk i spansk for lektorutdanningen 3 |
| **Navn - nynorsk** | Fagdidaktikk i spansk for lektorutdanninga 3 | Fagdidaktikk i spansk for lektorutdanninga 3 |
| **Navn - engelsk** | Spanish Didactics in Teacher Education 3 | Spanish Didactics in Teacher Education 3 |
| **Første undervisningstermin** | 2010 HØST | 2010 HØST |
| **Siste undervisningstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Første eksamenstermin** | 2010 HØST | 2010 HØST |
| **Siste eksamenstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Språk** | Ikke valgt | Ikke valgt |

## Vurdering

| | | |
|---|---|---|
| **Endringsønsker for vurderinger** | - | - |

## Undervisning

| | | |
|---|---|---|
| ! **Administrativt ansvarlig** | Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - ) | - |
| ! **Emneansvarlig** | Xavier Llovet Vila (01.01.2021 - ) | - |

## Emneinfo

**Studiepoeng, omfang:**

*Nynorsk:*

5

**Studienivå (studiesyklus):**
*Nynorsk:*
Bachelor

**Undervisningsspråk:**
*Nynorsk:*
Spansk og norsk

**Undervisningssemester:**
*Nynorsk:*
Haust.
7. semester i lektorutdanning for studentar som tek faget som fag II.

**Undervisningssted:**
*Nynorsk:*
Bergen

**Mål og innhold:**
*Nynorsk:*
Emnet har som mål å gi studentane ei vidare innføring i fagfeltet spansk fagdidaktikk innanfor to hovudområde:

•Språk, tekst og kultur: kompetanse og danning

•Tilretteleggjing for læring

Studiet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå 100-nivå og saman med djupare fagkunnskap, pedagogikk og praksis leggje grunnlag for reflektert undervising i spanskfaget i skolen.
Emnet skal medverka til at studentane utviklar ein faglæraridentitet der dei tar heile sin faglege basiskompetanse i språk, kultur og litteratur i bruk som ressurs i undervisinga.

**Læringsutbytte:**
*Nynorsk:*
Etter å ha studert emnet skal studentane:

- ha innsikt i teoriar om språk og kommunikasjon og kunne sjå desse i eit kulturperspektiv
- ha innsikt i spansk som danningsfag og dugleiksfag
- kunne lage undervisingsopplegg der arbeidsformer, arbeidsmateriale og innhald er knytte til grunnleggjande fagforståing og innsikt i læringsprosessar i spanskfaget
- kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet

**Krav til forkunnskaper:**
*Nynorsk:*
PEDA111 samt minimum 55 studiepoeng i spansk på 100-nivåinkludert 5 studiepoeng spansk fagdidaktikk.

**Anbefalte forkunnskaper:**
*Nynorsk:*
-

**Studiepoengsreduksjon:**
*Nynorsk:*
-

**Krav til studierett:**
*Nynorsk:*
Emnet er berre ope for studentar som er tekne opp til lektorutdanning ved UiB

**Arbeids- og undervisningsformer:**
*Nynorsk:*
Førelesing: Totalt 12 timar fordelt på seks veker.
Seminar: 2 timar
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervising. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. september/1. februar, sidan emnet har midtsemestereksamen i vårsemesteret.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet:**

*Nynorsk:*
For å kunne gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei presenterer eit undervisningsopplegg og drøftar det i lys av fagdidaktisk teori. Den munnlege framføringa vil føregå digitalt på Zoom.
80% av undervisninga er obligatorisk. Undervisninga føreset aktiv deltaking og god førebuing.

**Vurderingsformer:**
*Nynorsk:*
Vurderinga Vurdering skjer på grunnlag av ei vurderingsmappe med rettleiing undervegs med to tekstar på til saman om lag 2500 ord, ikkje medrekna innhaldsliste, litteratur og vedlegg. Tekstane skal skrivast på spansk. Dei to tekstane i vurderingsmappa tel både 50 % av samla karakter.ein munnleg eksamen sett saman av ein førebudd presentasjonsdel og ein samtaledel. Studenten får 10 minutt av totalt 30 minutt til presentasjonen. Munnleg eksamen vert halden på spansk.

**Hjelpemiddel til eksamen:**
*Nynorsk:*
-

**Karakterskala:**
*Nynorsk:*
Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.

**Vurderingssemester:**
*Nynorsk:*
Haust. Der er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

**Litteraturliste:**
*Nynorsk:*
Pensum utgjer om lag 350 sider. Vanskegrada er tilpassa nivået på emnet

**Emneevaluering:**
*Nynorsk:*
Undervisinga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

**Emneansvarlig:**

*Nynorsk:*

-

# Endringsrapport for emne DIDASPA1

| | |
|---|---|
| Stadiuminfo: | Klar for kvalitetssikring (S1) |
| Sist endret: | 30.11.2022 Xavier Llovet Vila (xll002) |
| Opprettet i EpN: | Nei |

| | Gammel verdi (S0, Importert fra FS) | Ny verdi (S1, Utkast) |
|---|---|---|

## Generelt

| | | |
|---|---|---|
| **Emnekodeforslag** | DIDASPA1 | DIDASPA1 |
| **Tilknyttede campuser** | UIB | UIB |
| **Studieansvarlig sted** | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk | 184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk |
| **Vekting** | 7.5 | 7.5 |
| **Vektingstype** | Studiepoeng | Studiepoeng |
| **Navn - bokmål** | Spanskdidaktikk 1 | Spanskdidaktikk 1 |
| **Navn - nynorsk** | Spanskdidaktikk 1 | Spanskdidaktikk 1 |
| **Navn - engelsk** | Spanish Didactics 1 | Spanish Didactics 1 |
| **Første undervisningstermin** | 2005 VÅR (ugyldig) | 2005 VÅR (ugyldig) |
| **Siste undervisningstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Første eksamenstermin** | 2005 VÅR (ugyldig) | 2005 VÅR (ugyldig) |
| **Siste eksamenstermin** | Ikke valgt | Ikke valgt |
| **Språk** | Ikke valgt | Ikke valgt |

## Vurdering

| | | |
|---|---|---|
| **Endringsønsker for vurderinger** | - | - |

## Undervisning

| | | |
|---|---|---|
| ! **Administrativt ansvarlig** | Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - ) | - |
| **Emneansvarlig** | - | - |

## Emneinfo

**Studiepoeng, omfang:**

*Nynorsk:*

7,5

**Studienivå (studiesyklus):**
*Nynorsk:*
Praktisk-pedagogisk utdanning

**Undervisningsspråk:**
*Nynorsk:*
Spansk og norsk

**Undervisningssemester:**
*Nynorsk:*
Haust

**Undervisningssted:**
*Nynorsk:*
Bergen

**Mål og innhold:**
*Nynorsk:*
Fagdidaktikk i spansk inngår som ein del av universitetet si spansklærarutdanning. Sentralt i studiet er spørsmål knytte til kompetanseutvikling i spansk og til utvikling av fagdidaktisk refleksjon og handling.
Eit grunnleggjande spørsmål er korleis spanskfagleg kunnskap kan verta utvikla og relatert til det å vere spansklærar. Særs viktig er det å utvikle forståing for korleis eigen språkkompetanse, innsikt i språket og innsikt i eigne læringsprosessar kan vere ein del av arbeidet med å leggje til rette for elevane si språklæring.
Studiet er organisert slik at noko av undervisninga er tilbod på tvers av språkfaga for å understreke ein kunnskaps-teoretisk samanheng og danningsmålsetjingar som er felles for språkfaga i skolen.
Studiet har fire målområde:

- Faget si legitimering i skolen i dag
- Teoriar om språklæring
- Planlegging av undervisning og tilrettelegging for spansklæring
- Rettleiing og vurdering

**Læringsutbytte:**
*Nynorsk:*
Gjennom studiet skal studentane setje seg inn i teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring og kunne bruke desse i arbeidet med å fremje alle elevane si læring i spansk.

Kunnskapar
Kandidaten ...
- har innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget
- har innsikt i spansk som dannings- og dugleiksfag
- har kjennskap til sentrale språklæringsteoriar og tilnærmingar
- har kunnskap om vilkår for læring og kompetanseutvikling i spansk

Ferdigheiter
Kandidaten ...
- kan planleggje, gjennomføre og reflektere over spanskundervisning basert på forskings- og erfaringsbasert kunnskap.
- kan vurdere læremiddel og arbeidsformer i spanskfaget i relasjon til læreplanen for faget, og kan grunngi val og vurderingar ut frå eige fagsyn og praksisteori.
- kan rettleie elevane i deira læringsprosessar på grunnlag av teoriar om språk, tekst, kultur og framandspråksutvikling og kan påvise elevane sitt læringsutbytte,
- kan beskrive kjenneteikn på kompetanse i ulike sider av spanskfaget
- kan vurdere elevane sitt læringsutbyte og leggje til rette for elevar si vurdering av eiga læring
- kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet

Generell kompetanse
Kandidaten ...
- kan reflektere over eigen og andre sin skolepraksis i lys av kunnskap innanfor dei spanskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk)
- har utvikla innsikt i spanskfaget sitt kultur- og danningspotensiale og kan gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngjeving både historisk og i eit samtidsperspektiv.
- kan reflektere over og vurdere eiga undervisning for å kunne fornye og utvikle den fagdidaktiske kompetansen i spansk, medrekna den digitale kompetansen.
- kan undersøkje og drøfte spansklæring i lys av kunnskap innanfor dei spanskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk) og teoriar om innovasjon, og presentere refleksjon over dette skriftleg og munnleg

**Krav til forkunnskaper:**
*Nynorsk:*
Ingen

**Anbefalte forkunnskaper:**
*Nynorsk:*

-

**Studiepoengsreduksjon:**
*Nynorsk:*
På grunn av fagleg overlapp blir studiepoenguttellinga for DIDASPA1 redusert med 5 studiepoeng om det blir kombinert med SPANSK621 eller SPANSK622.

**Krav til studierett:**
*Nynorsk:*
Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Universitetet i Bergen.

**Arbeids- og undervisningsformer:**
*Nynorsk:*
- Om lag 24 timar undervisning inkl. om lag fire timar fellesundervisning i språkdidaktikk
- Rettleiing og skolebesøk

Undervisninga er både virtuell og ansikt til ansikt.
Om det meldar seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervising. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. september.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet:**
*Nynorsk:*
For å kunne gå opp til eksamen må studentane innan fastsette tidsfristar gjennomføre følgjande aktivitetar:
•ha lagt fram undervisningsopplegg på undervisningsverkstad.
•Muntlig eller skriftleg arbeid som drøftar ei spanskdidaktisk problemstilling
Undervisninga er obligatorisk (80%) og føreset aktiv deltaking og førebuing.
Nærare informasjon vert gitt ved semesterstart.

Det er obligatorisk frammøte på minst 75 % av undervisinga, og organiseringa av undervisninga har dette som utgangspunkt.

**Vurderingsformer:**
*Nynorsk:*
Eksamensforma er rettleidd mappevurdering.
Vurderingsmappa skal innehalde ein refleksjonstekst med eit omfang på om lag 3000 ord.

